

Møteprotokoll

Utval: Stad kontrollutval
Møtestad: Stad Hotell
Dato: 30.09.2021
Tid: Kl. 09:00 11:50

Medlemmar som møtte
Håkon Sjøstad
Jessica Leigh Joy Haaland
Magne Fure

Reprenterer

Funksjon
leiar
medlem
medlem

Forfall
Kariann Myklebust Fagerli
Malene Friberg

Reprenterer

Varamedlem
Dagfinn Olav Kvamme
Jetmund Nyvang

Reprenterer

Andre som møtte:

Vest kontroll:
Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Vestland revisjon:
Stig Årdal. Forvaltningsrevisor. I sakene 36 og 37.
Kai Runde Solheim. Finansiell revisor. I sakene 34 og 35. Var til stades i heile møtet.

Kommunen:
Ole Starheim. Økonomisjef. I sakene 33 og 33.

Sak 31 vart trekt.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge: 27, 28, 29, 32, 33, 30, 34, 35, 36, 37, 38 og 39.

Det vart teke opp om å sløyfe eit av dei igjen ståande møta i 2021. Det var semje om å sløyfe møtet den 11.11.2021.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
27/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/356
28/21	Godkjenning av protokoll	21/356
29/21	Skriv og meldingar	21/356
32/21	Økonomirapport 1. tertial 2021	21/373
30/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/356
31/21	Vedkomande tilbakebetaling av eigedomsskatt	21/374
33/21	Rapport over kommunen si finansforvaltning pr. 30.04.2021	21/371
34/21	Stad kommune. Etterleving av retningsliner og vedtak for økonomiforvaltninga 2020	21/376
35/21	Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon	21/375
36/21	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp	21/372
37/21	Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt	21/377
38/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/356
39/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/356

Stad, 30.09.2021

Håkon Sjøstad

27/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, med at sak 31 vert trekt. Saksrekkefølga i møtet vert å tilpasse til dei som innkalla for å orientere i enkeltsaker.

Behandling:

Sekretariatet ber om at sak 31 vert trekt grunna nye opplysningar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

28/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Behandling:

Kontrollutvalet stiller spørsmål om når det vert orientering om datasikringa. Sekretariatet oppyste at ein vil forsøke å få til dette på nest møte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

29/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/21	Alle vet nå hva reformen krever av kommunene
07/21	Frå bladet kommunal økonomi mai 2021 - Leder Beredskap
08/21	Frå kommunalrapport 3 juni 2021 Planlegger det nye barnevernet
09/21	Årsmelding 2020 - Pasient - og brukarombodet i Sogn og Fjordane
10/21	Årsmelding 2020 for pasient- og brukarombodet i Vestland, kontor Bergen
11/21	Re 201704187-240 - Innsynsbegjæring - Tilsyn - Okla
12/21	Signert Openheitsrapport 2020 Vestland Revisjon KO
13/21	Vestland Revisjon. Rekneskap og årsmelding 2020
14/21	Frå avisa kommunal rapport, 16.09.2021 - Er det trygt å varsle til kontrollutvalet?

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

32/21 Økonomirapport 1. tertial 2021**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek økonomirapport 1. tertial 2021 til vitende.

Behandling:

Økonomisjef Ole Starheim gjorde ei grundig orientering. Største utfordringa er lønsutgiftene særleg på helsesektoren og skulesektoren.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek økonomirapport 1. tertial 2021 til vitende.

30/21 Gjennomgang av møteprotokollar**Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

33/21 Rapport over kommunen si finansforvaltning pr. 30.04.2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporteringa over finansrapporteringa og orientering til vitende.

Behandling:

Økonomisjef gjorde ei grundig orientering . Han var særleg inn på løpande styring av likviditeteten og konsekvensane for auking i rentene innlåna.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek rapporteringa over finansrapporteringa til vitende.

34/21 Stad kommune. Etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga 2020

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen sin uttale om etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga i kontrollen av etterleving av reglane om utarbeiding av protokoll eller annan dokumentasjon for kjøp/investeringar i intervallet 100.000 kr til 1.300.000 kr.

Behandling:

Vestland revisjon ved revisor Kai Rune Solheim orienterte og svarta på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen sin uttale om etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga i kontrollen av etterleving av reglane om utarbeiding av protokoll eller annan dokumentasjon for kjøp/investeringar i intervallet 100.000 kr til 1.300.000 kr.

35/21 Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2021 for Stad kommune.

Behandling:

Vestland revisjon ved revisor Kai Rune Solheim gjorde ei opplysende orientering om revisjonssverktøyet og revisjonen sin bruk av den dette. Han brukte bl.a. Power Point i orienteringa. Han var vidare inn på andre vesentlege tilhøve vedkomande kontrollarbeidet slik at kontrollutvalet skulle få ei god ovesikt m.o.t. sitt på-sjå ansvar overfor revisjonen.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2021 for Stad kommune.

36/21 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp

Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Rutinar for anbod og innkjøp, Stad kommune. (Utarbeida av Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap, datert 13.09.2021).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 1. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomgå sine rutinar og prosedyrar for overføring av dokumentasjon av anskaffingsprosessar til Acos websak.
 2. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomføre planmessig opplæring av eigne aktuelle tilsette i anskaffingsprosessen med tilhøyrande regelverk og styringsdokument.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 30.03.2022.

Behandling:

Vestland revisjon ved forvaltningsrevisor Stig Årdal orienterte opplysende om prosjektet, funna og svara på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Rutinar for anbod og innkjøp, Stad kommune. (Utarbeida av Vestland Revisjon Kommunale

Oppgåvefellesskap, datert 13.09.2021).

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 1. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomgå sine rutinar og prosedyrar for overføring av dokumentasjon av anskaffingsprosessar til Acos websak.
 2. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomføre planmessig opplæring av eigne aktuelle tilsette i anskaffingsprosessen med tilhøyrande regelverk og styringsdokument.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 30.03.2022.

37/21 Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt

Vedtak:

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland revisjon å utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Vedlikehald bygg/anlegg/kommunale vegar.
2. Prosjektplanen ber kontrollutvalet vert endt over til sekretariatet innan 01.12.2021.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland revisjon å utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet
2. Prosjektplanen ber kontrollutvalet vert sendt over til sekretariatet innan 01.12.2021.

38/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

39/21 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som ga høve til vedtak i saka.